


Votna er fleirtalsform for vatn, det opprinnelege vassdraget hadde 5 vatn, med elvestryk mellom, lengst vest Votnavatnet, som hadde utløp til Novlefoss, ned mot Liamyrane. Frå bygda kan ein koma opp til til området frå fleire retningar – t.d. via Gryddalen/Blåbergdalen, via Austmannalia, frå Dyrskar i aust, eller opp lia attmed Novlefoss.

Navna i området fortel at dette har vore eit viktig jaktterreng for folk i Røldal. Like ved Votnadammen ligg Børsestein, på ein høgde med utsyn og bra oversikt innover i landskapet.

Her kunne jegerane saumfara nærområdet visuelt, strategisk plassert i forhold til austavinden.

Børsene kunne stå tørt under overhenget på Børsestein. At det var stor sannsynlighet for at dei treffe på reinsdyr her – fortel stadnavna i dalføret. Her heiter det Reinskvelven, Reinsvatnet, Reinsvadet, Reinshølen.

Navnet Reinsvadet fortel oss at her har reinsdyra kryssa elva. Heile Hardangervidda er fullt av bekkjer og elvar som reinsdyra må kryssa, eit lite elvestryk er ingen barriere for villrein.



KARTOVERSIKT MED OPPRINNELEGE VATN



UTSYN FRÅ BØRSESTEIN MOT AUST – FOTO ODDBJØRN LYNHAMMAR

Det er særleg om vinteren og på vårparten at dyra vandrar i dette området. Reinsdyra kan koma frå Blåbergdalen i sør, over Austmannetjørna, dei kan koma frå Kaldevatnet over Gluggvardskar, eller frå Dyrskar/Midtlægeret. Det er vanleg å sjå dyr ved Fjetlandsnuten, Austmannetjørna, Skjortefonn, Gluggvardskar, Blåbergnuten, Gauthellernuten, Røyneškåra/Lia, Staven, Svandalsflona, Tarjebudalen osv. Dyra trekkjer ofte til Tarjebudalen – Middyr – Rekkjingskara, dette er og navn som fortel om vandrane reinsdyr.

Attmed Gauthellervatnet ligg ein naturleg steinheller under fjellmassivet, dette har vore ein veideplass som skriv seg frå steinalderen. Her er det funne pilesissar, reiskapar og beinrester.

Kven Gaute var er uvisst, men det har i alle fall vore ein habil jeger.

Frå Gautheller har ein god oversikt over det smalaste partiet i dalføret, dette har vore ein svært strategisk jaktplass.



REINSDYR PÅ VOTNAMAGASINET




GAUTHELLER

Islagt Votnamagasin er ei hovudtrekkerte for flokkar av reinsdyr som veksler mellom Sørfjellet og Hardangervidda for å finna mat.

Dalsidene på begge sider av magasinet er bratte og uframkomelege, både for folk og dyr.

Dersom isen på magasinet blir øydelagd pga voldsom nivåending, vil dette bli ei dødsfelle for alle som ferdast i området, og særleg for reinsdyr og uvitande farande folk.



VOTNAMAGASINET – VILLREINEN VANDRAR

